

# Notat

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 29.08.2009  
Frå: Herlof Nilssen  
Sakshandsamar: Ingvill Skogseth  
Saka gjeld: **Pandemi influensa A (H1N1) - status beredskapsarbeidet per 28.09.09**

**Styresak 091/09 O**

**Administrerende direktør si orientering pkt 5**

**Styremøte 15.10. 2009**

---

## Bakgrunn

Det blir vist til tidlegare utgreiing av status i beredskapsarbeidet i Helse Vest i samband med pandemien, i styremøtet 2. september, sak nr. 075/09 O.

Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet sender no ut ein vekerapport kvar mandag. Vekerapporten kjem som ein lysbildepresentasjon og inneheld status og viktig informasjon knytt til utviklinga av pandemien. Vekerapport nr. 1 veke 38, 2009 ligg ved. I tillegg viser vi fortsett til [www.pandemi.no](http://www.pandemi.no) som til ei kvar tid har oppdatert informasjon.

## Kommentarar

### Situasjonen nasjonalt

Det er framleis avgrensa influensasmitte i Noreg, og den første bølga ser ut til å vera på retur. Helsetenesta må være særlig merksam på forverring hos pasientar med risiko for komplikasjonar.

Fire personar med bekrefta smitte av ny influensa A (H1N1) er nå døde i Noreg.

### Beredskapsarbeidet i Helse Vest, status per 29.09.09

Beredskapsarbeidet i Helse Vest byggjer på nasjonale og regionale beredskaps- og pandemiplanar og dei nasjonale planføresetnadene som går fram av brev frå Helsedirektoratet datert 29.7.09, og reviderte planføresetnader den 4.9.09. Det er tett dialog mellom Helse Vest RHF og helseføretaka i utarbeiding og iverksetting av planverk. Leiargruppa i Helse Vest følgjer situasjonen nøye.

Det er framleis registrert relativt få innlagte pasientar med influensa A i våre helseføretak. Dette blir følgt opp dagleg av Helse Vest RHF.

Dei reviderte planføresetnadene som vi mottok 4. september er vidareformidla til alle våre helseføretak. Det blei halde videokonferanse med alle adm. dir i HFa den 7. september om

dette. Det blei understreka frå RHF si side at dette ikkje vil gi vesentlege endringar i det beredskapsarbeidet som blir gjort, men at fokus på mobilisering av personell frå for eksempel høgskolar/universitet, pensjonistar og liknande, kan bli noko nedtona. Det er også understreka frå RHF til HF at det no også er viktig å oppretthalde fokus på gjennomføring av dagleg drift.

Respiratorar, smertepumper og dialysemaskiner er i all hovudsak levert til helseføretaka.

Alle HF har formidla informasjon til Folkehelseinstituttet om leveringsadresser for vaksiner. I våre HF blir gjennomføring av vaksineringsplanlagt. Helse Vest har signalisert behov for nasjonal lik tilnærming for vaksinerings av helsepersonell spesielt. Vi ser utfordringar med motivering av egne tilsette.